



## Notat

Dato: 14.12.2015  
Arkivsak: 2015/11805-5  
Saksbehandlar: josaksd

---

<b>Til:</b>	Gunnbjørg Austrheim
<b>Frå:</b>	Jostein Aksdal

---

### Innspel automatisk freda kulturminne, Fedje kommuneplan

Fedje har alt i gamal tid vore ein viktig utpost og hamn for farande. Buplassen i Sildavågen er moglegvis berre ein av fleire lokalitetar i frå steinalderen. Her har ein nytta seg av ressursane som då var tilgjengeleg. På Fedje er det fleire gravhaugar og fjerna slike. Det som i dag er ein lengst vekk i frå sentrale strøk, var før ein sentral stad for handel og aktivitet i jernalderen og frametter.

Med omsyn til dei kjente automatisk freda kulturminne i plankart er dei kulturminna med status automatisk freda tatt med og vist som omsynssone H730. I tillegg er bygningar og forlis som har ein status etter kulturminnelova og vist som omsynssoner. Siling på juridisk status gjev likevel eit noko uheldig bilde med omsyn til enkelte nyare tids kulturminne. Dette gjeld då skipsvrak ID 139799 Fønix som sank i 1939. Dette er ikkje vist i plankart

I tillegg er krigsminnelokalitet radarstasjonen ID 212714 - Haupt FluWa Bergen 15, med kodenamn "Fichte" ikkje vist på kart som omsynssone. Radarstasjonen under krigen var eit viktig kontrollpunkt for tysk både Kriegsmarine og Luftwaffe. Lokaliteten ligg på Hesthaugen, Litlemulen og Nordre Vidnappen.

Fylkeskonservatoren ser at desse kulturminna bør visast på kommuneplankartet som kulturminne. Spesielt er fokus på vår nære krigshistorie og Fedje spesielt viktig å få eit styringsdokument som kan sikra at viktige element ikkje forsvinn.

#### Kommentar til føresegnene

Føresegnene i planen viser til at det skal vera ei ver aktsam grense på tiltak nærmare enn 50 meter til kjende kulturminne. Med omsyn til tiltak og byggesaker vil me vise til at kulturminneverdiar må vera avklart i samband med at løyve vert gjeve. I område utan reguleringsplan må dette vurderast i kvart einiskild tilfelle.

Jostein Aksdal

